

Også lokalhistorisk samling om flyfoto

21.08.2009



Kristian Bringedal og Bjørgulf Eik med to biletar frå Rød som vil inngå i utstillingen sundag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag ettermiddag er fotoutstillingen Tun og landskap i Uskedalen eit sentralt innslag i den tradisjonelle Museumsdagen på Rød.

Det vart plass til 50 foto i Lemstova og Kristian Bringedal og Bjørgulf Eik er takksame og imponerte over å ha fått tilgang til mange vakre biletar.

Dei har konstatert at det er flyfoto på kvart tun i bygda og det er særleg foto frå 1950- og 1960-talet som er henta inn til utstillingen.



Nedre del av Uskedalen fotografert i 1959. Eit av biletata som vil bli presentert under utstillingen.

Både eigarar og lånarar av flyfoto og slekta deira er sjølvsgåt hjarteleg velkomne til utstillingen. Men det stoppar ikkje med den.

Onsdag 26. august klokka 19.30 blir det eit framhald - det vil seia ei lokalhistorisk samling under overskrifta 'Ei bygd i utvikling - tun og landskap i endring'. Her blir eigarane av dei utstilte bileta inviterte til å fortelja om sine bilete før tilbakeleveringa og det blir også enkel servering. Dei som ikkje har høve til å vera med på denne samlinga vil få tilbakelevert bileta i løpet av veka.

Det var fleire flyselskap som fotograferte også i Uskedalen, men Fjellanger Widerøe var tydelegvis ein sentral aktør også her.

Frå ein sped start i 1935 med to mann. eitt fly og eitt kamera hadde den fotogrammetriske avdelingen i dette selskapet fram mot 1960 rundt 100 ansatte.

Dei disponerte ein flåte av fly som var spesialinnreidde for vertikalfotografering og hadde oppdrag fleire stader i verda. Eitt av dei var ein tomotors Douglas B 26 Invader og dei disponerte også to Messersmitt Taifun, To Lockheed 12 A og ein Avro Anson. Og frå Luftforsvaret kjøpte dei inn fire Airspeed Oxford og nyttet tre av dei til fotografering.

I Noreg slo fleire kommunar seg saman for å få vertikalfotografert område som grunnlag for kart og de same gjorde skogeigarar og gruveselskap.

Det finst knapt ein bit av landet som ikkje er fotografert av Widerøe opp gjennom åra.

Fotogrammetrisk avdeling vart sold til Fjellanger AS i Trondheim i 1970 og 130 ansatte overført til ny eigar. I fleire år opererte så dette selskapet under namnet Fjellanger-Widerøe AS. I 2003 gjekk det konkurs, men det har gjenoppstått og på nettet kan ein lesa at dei har eit arkiv med tre millionar opptak og fornyar seg med mellom 30.000 og 70.000 kvart år.

Tidleg på 1970-talet selde Fjellanger-Widerøe ut deler av samlinga si til kommuner og fylker og no er materialet frå det opprinnelige arkivet spredt på mange ulike institusjonar, som kommunar, fotobearingsinstitusjonar i fylka, bibliotek og historielag.

Eit anna selskap som fotograferte i Uskedalen var Norrønafly og døme på det vil også bli presentert under utstillingen.

Av Ola Matti Mathisen